




Årdal kommune
Teknologibygd

TEMAPLAN FOR FRILUFTSLIVETS FERDSELSÅRAR 2026 – 2036

ÅRDAL KOMMUNE





INNHOLD

| | |
|--|----|
| Innleiing..... | 3 |
| 1.1 Bakgrunn for arbeidet med planen..... | 3 |
| 1.2 Føremål med planen | 4 |
| 1.3 Planprogram | 5 |
| 2. Rammer for planen og planarbeidet | 5 |
| 2.1 Avgrensing av arbeidet..... | 5 |
| 2.2 Kommunale føringer og andre | 6 |
| 3. Innhold i planen | 7 |
| 4. Organisering av planarbeidet | 8 |
| 4.1 Organisering | 8 |
| 4.2 Faser i prosjektet..... | 10 |
| 4.3 Medverknad..... | 11 |
| 4.4 Kva er spesielt ynskjeleg av innspel til planarbeidet? | 11 |
| 4.5 Framdriftsplan | 12 |



INNLEIING

1.1 BAKGRUNN FOR ARBEIDET MED PLANEN

Naturen i Årdal kommune er storlått med høge fossefall, djupe dalar, høge fjell og langestrokne vidder. Mange av oss nytter naturen til turar for enkle opplevingar, fysisk aktivitet og rekreasjon, både i kvardagen, helger og ferier gjennom heile året.

Turnettverket i Årdal er både stort og omfattande. Merka stiar i nærmiljøet og oppe i fjella gjer at utvalet er både nyansert, variert og tilpassa for dei aller fleste. Turgåing er den enklaste måten å sikre betre folkehelse.

Forsking syner til sterke resultat mellom auka bulyst, høgare livskvalitet, og betre fysisk og psykisk helse om det er turmoglegheita i nærmiljøet. Ein studie publisert av NINA framvise at skilting og merking av turruter er gode tiltak som føre til meir bruk.

I 2019 lanserte Miljødirektoratet ei satsing med ei større vekt mot utvikling og ivaretaking av turstiar i nærmiljøet. Satsinga følgje opp regjeringas Handlingsplan for friluftsliv. I handlingsplanen er formålet å fremje planlegging, opparbeiding, skilting og merking av samanhengande nettverk av turstiar.

For å kunne legge til rette for eit godt nettverk av stiar og tilbod for friluftsliv, er det viktig at kommunen har kunnskap om kva for ferdsselsårer som finst, og kordan ein kan utvikle og ivareteke desse på ein berekraftig måte for å skape meir aktivitet. Kommunen har ei viktig oppgåve i dette arbeidet som planstyresmakt for å sikre at forvaltninga av stiane og friluftslivet vart gjort på ein god og gjennomarbeida måte, og vidare legge til rette for at lag og foreiningar kan bidrege i dette arbeidet.



1.2 FØREMÅL MED PLANEN

Stortingsmelding 18 (2015-16) Friluftsliv – natur som kjelde til helse og livskvalitet legger stor vekt på å ivareteke og utvikle moglegheita for å utøve friluftsliv i nærmiljøa. Dette er viktig for at alle skal kunne utøve friluftsliv i sine nærmiljø etter eige nivå, ynskje og lyst.

Folkehelseutfordringar i tråd med eldrebølga og ei meir inaktiv befolkning er problemstillingar som krevjar tiltak. Friluftsliv og turgåing kan både vere ei av mange løysingar og førebyggande tiltak på utfordringane som ein står ovanfor.

Hausten 2015 vedtok FN sine medlemsland 17 mål for å fremje ei sosial, økonomisk, og miljømessig berekraftig utvikling. Mål 3: god helse og livskvalitet er noko som planen dekker direkte, men fleire av dei andre måla vil også inkluderast på ein meir indirekte måte.

Årdal kommunes plan for friluftslivets ferdsselsårer skal kartlegge, utvikle og ivareteke ferdsselsårene som finst i kommunen.

Temaplanen for friluftslivets ferdsselsårer skal:

- Etablere eit oversikteleg kunnskapsgrunnlag over ferdsselsårer i kommunen både på sommar og mark, men også oppkjørte og kvista skiløyper, samt sykkelturar.
- Samle informasjon om status og tilstand om stiar og turruter.
- Auke kompetansen om forvaltning av stinettverka og ein felles einig og samhandling mellom kommunen, og lag og foreiningar for vidare koordinering, utvikling og ivaretaking .
- Ha som mål at alle innbyggjarar i Årdal kommune skal ha ein tursti i nærmiljøet maksimalt 10 minutt frå eigen bustad.
- Skissere tiltak for vidare utvikling og ivaretaking av ferdsselsårer i tråd med lokalt bruk, reiseliv, naturen og andre interesser.
- Legge til rette for auka fysisk aktivitet og betre psykisk helse.
- Oppdaterte turruter skal leggast inn i Nasjonal database for tur og friluftsruter.



- Etablere eit oppdatert grunnlag for å oppdatere eksisterande kart og kartgrunnlag.
- Sikre eit ytterlegere fokus på universelle turruter og tiltak der kor dette er mogleg.

God kunnskapoversikt, kompetanse og tydelege felles koordinering og framtidsretta tiltak er viktig for å forvalte stinettverket på ein god og tilfredsstillande måte. Planen vil skape eit godt grunnlag for felles mål mellom kommunen, og lag og foreiningar.

1.3 PLANPROGRAM

Plan for friluftslivets ferdsselsårer er ein ikkje-juridisk bindande temaplan. Temaplanen vil forankrast kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Dette betyr at planens resultat vil ligg føre som eit forpliktande tiltak.

2. RAMMER FOR PLANEN OG PLANARBEIDET

2.1 AVGRENSING AV ARBEIDET

Avgrensing av planarbeidet må vurderast i forhold til det tematiske og geografiske.

Tematsisk skal planen omhandle følgande bruk: Fotturar, sykkelturar og skiturar.

Fotturane som vil leggast inn i planen kan både vere skilta eller ikkje skilta. Dei kan også vere merka eller ikkje merka. Kriteria for utval av stiar vil vurderast etter bruksmoglegheit, interesse og aktualitet. Sjølv om det er eit tråkk langt inne på fjellet, vil ikkje dette tilførast planen fordi nytteverdien er liten og kunn for nokon få. Det må tas ein vurdering på fotturar som allereie finst, og moglegheitsrommet omkring desse.

Sykkelretar er naturleg å ha med i ein plan for friluftslivets ferdsselsårer. Det er mange som nytter sykkel både som ein turoppleveling, men også som eit transportmiddel mot andre turmål.

Skiturar omhandlar både oppkøyte løyper og stikka løyper.

Geografisk har planen som mål om dekke heile kommunen. Dette omhandlar da store fjellområde som dekker mesteparten av kommunens areal. Planen skal også ha eit stort fokus på nærmiljøområde i tettstadane. Blant nærmiljøa har ein Utladalen, Øvre Årdal, Fardalen, Årdalstangen, Seimsdalen, Offerdalen og Vikadalen/Naddvik.

I tillegg arbeidast det med ein temaplan for ro- og padleruter som har same framgangsmetode og utgangspunkt som denne temaplanen. Ro- og padleprosjektet utførast av Indre Sogn Friluftsråd og vil dekke padleruter i alle kommunane i Indre Sogn.

2.2 KOMMUNALE FØRINGAR OG ANDRE

Desse kommunale planane kan vere relevante for planarbeidet:

- Kommuneplanen sin samfunnsdel (2022)
- Kommuneplanen sin arealdel(2012, under revidering)



3. INNHALD I PLANEN

Temaplan for friluftslivets ferdsselsårer skal vere eit kunnskapsgrunnlag og oversikt over turrutene i kommunen, og kordan ein kan forvalte og utvikle desse på ein berekraftig måte.

Planen har to hovudoppgåver; etablere ein oversikt over nåverande status på stinettverket i kommunen, og vidare lage ein tiltaksliste for utvikling og ivaretaking. Dette arbeidet bygger på tidlegare arbeid som til døme kart og kartlag, turboka 202 turar i Årdal, eller GPS spor og turbeskrivingar. Arbeidet med planen er likevel heilt avhengig av medverknad, innspel og lokal kjennskap. Den ferdige planen skal vere eit dokument som styrker samhandlinga mellom kommunen, og lag og foreiningar gjennom å forvalte, utvikle og ivareteke ferdsselsårene og moglegheita for utøvinga av friluftsliv i kommunen.

Ein ferdig plan vil innhalda ein tekstdel/planbeskriving, tiltaksdel/handlingsplan, og eit temakart.

- Tekstdelen innhald planens effekt- og resultatmål, hovudinnhald og analysar, samt dei hovudgrepa som gjerast for å nå måla.
- Tiltaksdelen beskriva kordan planen skal følgast opp konkret med prioriteringar, strategiar, tiltak, ansvar og eventuelle andre oppfølgingar.
- Temakartet viser eksisterande og eventuelle planlagt føreslegne endringar i eksisterande ferdsselsårer, nye ferdsselsårer, eller målepunkt.

Planen vil innhalda følgande:

- Klare formulerte mål for arbeidet.
- Kart med oversikt over eksisterande ferdsselsårer og turruter som er relevant for arbeidet, samt turmål, og turutgangspunkt i kommunen.
- Informasjon om og beskriving av ferdsselsårene, turrutene og målepunkt.
- Ein presentasjon av analysane: mål oppnåing, manglar og forbetningspunkt som er avdekke.

- Forslag til prioritering av tiltak basert på de måla som er satt for arbeidet.
- Ein konkret beskriving av kordan arbeidet skal følgast opp.

4. ORGANISERING AV PLANARBEIDET

4.1 ORGANISERING

Politisk forankring

Oppstarten av planarbeidet er handsama i Utvalet for oppvekst og kultur, og Formannskapet, i sak 131/24 19.09.2024.

Roller og ansvar

Styringsgruppe: Oppvekst og Kultur

Oppdragsgjevar: Miljødirektoratet/Vestland Fylkeskommune

Prosjektleiar: Kommunens Idrettskonsulent.

Arbeidsgruppe

Det er satt ned ei arbeidsgruppe av tilsette i kommuneadministrasjonen med ulik kompetanse frå aktuelle einingar i kommunen. Arbeidsgruppa formål er å sjå arbeidet med alternative perspektiv med ståstad frå sine fagfelt. Det er satt opp eit møte ved avslutning/oppstart av kvar fase i prosjektet, totalt 3 møter.

Økonomi

Årdal kommune søkte i 2024 Vestland Fylkeskommune om tilskot til å utarbeide ein plan for friluftslivets ferdsselsårer. Fylkeskommunen innvilga søknaden, og kommunen er tildelt tilskot på kr 100.000,-.

Tilskottet skal nyttast til å utarbeide temaplanen for friluftslivets ferdsselsårer med eit stort fokus på medverknad og innspel frå allmennheita, og tett samarbeid med lag og foreiningar i kommunen.

Tidlegare har Årdal kommune mottatt kr 30.000,- i tilskot frå Kartverket for å kartlegge status og tilstand på tilgjengelegheta og universal utforming i friluftsområda i kommunen. Resultata frå dette prosjektet vil implementerast i planen.

4.2 FASER I PROSJEKTET

Arbeidsprosessen med planen kan delast inn i 4 ulike fasar. Fasane bygger på kvarandre og gjer eit grunnlag for ein metodisk og gjennomarbeida framdriftsprosess i planarbeidet.

Fase 1: Oppstart

Eit krav frå Miljødirektoratet er at arbeidet med planen er forankra politisk. Oppstart av planen er vedteken i Formannskapet 19.09.2024.

I tillegg utarbeidast prosjektplan og annonserast oppstart.

Oppstarten er annonsert på kommunens eigen heimesida og på sosiale media. Lag og foreiningar med friluftsliv som formål er invitert til møte om orientering og arbeidsøkt med fase to/kartlegging av eksisterande ferdsselsårar.

Fase 2: Kartlegging av nåverande status

Kartlegginga av nåverande status skal sikre ein god oversikt over eksisterande ferdsselsårer, turruter og målepunkt som gir grunnlag for vidare arbeid. Turrutene vil registrerast i eit digitalt kart med ulik kategorisk informasjon.

Fase 3: Analysere kartlegginga og vurdering av tiltak

Når det føreliggjer ein oversikt over nåverande status over turrutene, skal desse vurderast opp i mot planens mål. Det er desse manglane som gjer grunnlaget for ei tiltaksliste. Tiltaka skal vektast og prioriterast.

Fase 4: Utkast av plan ut på innspelsrunde

4.3 MEDVERKNAD

I planarbeidet et det ei målsetting om bred medverknad gjennom dei ulike fasane. Lag og organisasjonar med friluftsliv eller tilsvarende vil få invitasjon til å delteke. Innspel til planen vil vere svært viktig. Lokal kunnskap og kjennskap til ulike behov er innspel som er svært ettertrakta under planarbeidet. Medverknad og korleis ein kjem med innspel vil bli annonsert på kommunens heimesida og sosiale media.

4.4 KVA ER SPESIELT YNSKJELEG AV INNSPEL TIL PLANARBEIDET?

Under planarbeidet vil det vere tre forskjellige innspelrundar. Ein på fase 2 – innspel i kartleggingsarbeidet, ein på fase 3 – innspel til tiltak, og ein på fase 4 – innspel til utkast av den endelige planen.

I innspelsrunde fase 2 er følgande ynskjeleg:

- Veit du om turruter, stiar eller ferdsselsårer som ikkje er merka av på det digitale kartet men som bør vere med i totaloversikta?
- Har du forslag til turmål, til døme utsiktspunkt, kulturminne eller sjåverdigheita ?

I innspelsrunde fase 3 er følgande ynskjeleg:

Med utgangspunkt i den kartlagde totaloversikta:

- Er det turruter, stiar eller ferdsselsårer som bør skiltast, merkast eller re-merkast?
- Er det turruter som bør fjernast, endrast eller treng større tiltak?
- Forslag til etablering/oppgradering av sti i ditt nærmiljø.
- Er det område kor det bør etablerast nye stiar/legge om allereie eksisterande stiar?
- Finst det område som bør prioriterast mot universell utforming?

I Innspelsrunde fase 4 er følgande ynskjeleg:

- Tilbakemelding på utkast på plan.

4.5 FRAMDRIFTSPLAN

| Tidspunkt | Aktivitet |
|------------------------------|---|
| September 2024 | Fase 1 - Vedtak om oppstart og politisk forankring .. |
| November 2024 – Februar 2025 | Fase 2 - Kartlegging |
| Februar – August | Fase 3 - Analysere og vurdere tiltak |
| August - Oktober | Fase 4 – Ferdigstille plandokument |
| Oktober | Vedtak av plan |